

Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

Referat

Dato:	Onsdag 19.februar, kl. 11:30 -14:30
Stad:	Kantina - Rådhuset i tidl. Meland kommune - Havnevegen 41, Frekhaug
Til stades:	Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Terese Folgerø (Alver), Leni Dale (Alver), Ove Sæbø (vara Modalen) Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Malin Daae Steine (Masfjorden), Peter Kubon (Austrheim) Jorund Stellberg (vara Brukarutvalet HDS), Nina Kvamme (Osterøy), Ingebjørg Søreide (Gulen), Åse Nordstrønen(vara HDS), Roger Sørheim(vara HDS), Grete Lill Hjartnes (vara HB), Anne Kvalheim (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE).
Ikkje møtt:	Kjerstin Fyllingen (HDS), Rebekka Ljosland (HDS), Elena Sandgathe (SSE) Randi-Luise Møgster (HB), Per-Arne Mehren(Brukarrepr. HDS), Frøydis Gullbrå (Modalen) og Liv Berit Haukås (Fagforbundet)
Møteleiar:	Tord Moltumyr
Referent:	Anne Kvalheim og Anne Hildegunn Færøy

Saksnr.	Saksliste	Vedlegg
01/20	Godkjenning av innkalling og saksliste Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.	
02/20	Godkjenning av referat frå møte 6.desember 2019 Vedtak: Referat frå møte 6.desember 2019 vart godkjent utan merknader.	
03/20	Godkjenning av Handlingsplan 2020 Tord Moltumyr presenterte Handlingsplan 2020. Planen inneholdt pågående tiltak frå handlingsplan for 2019, avtalar der det er meldt inn behov for revisjon samt tiltak som er vedteke av samarbeidsutvalet og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem. Basert på erfaringar frå tidlegare år kan det gjennom året og komma til aktuelle saker som må prioriterast, sjølv om dei ikkje kjem med i handlingsplanen. Utvælt hadde ingen merknader til Handlingsplan med framlegg til prioriterte tiltak for 2020. Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til utkast til Handlingsplan for 2020. Samarbeidsutvalet ber samarbeidssekretariatet (SSE) saman med aktuelle partar sørge for oppfølging av handlingsplanen.	
04/20	Felles øving om pandemisk influensa Terese Folgerø presenterte saka som m.a. skisserte framlegg til øvingsmål, metode og plan for ei trinnvis tilnærming og gjennomføring av felles øving om pandemisk influensa i mai d.å. Presentasjon med meir detaljar for gjennomføringa er vedlagt. Det vart samtidig orientert om at det i samband med Koronaviruset er sendt ut brev til kommunar og sjukehus i Helse Bergen sitt opptaksområdet med melding om at <i>høyra beredskapsfase er etablert</i> , og at kommunane og sjukehus må mæda inn kontaktpersonar og utpeika representantar til koordineringsgruppa, slik det er semje om i Særavtala om samarbeid ved pandemisk influensa. Alle kommunar har meldt inn kontaktperson, og av dei er Terese Folgerø, kommuneoverlege i Alver kommune og Ingebjørg Søreide, Fagdirektør omsorg i Gulen kommune utpeika til å representera kommunane i Nordhordland i koordineringsgruppa. Kommunane i utvalsområdet er samde om at Terese og Ingebjørg held fram med å vera regionen sine faste representantar i koordineringsgruppa. Vararepresentantar er Anita Sørtveit, kommuneoverlege i Osterøy og Leni Dale, kommunalsjef i Alver kommune. Det vart peika på at øvinga må sjåast i samanheng med den faktiske situasjonen ein har i samband med Koronaviruset.	 Vedl.sak 04_20 Felles øving pandemisk influensa

	<p>Brukarutvala etterspør brukarmedverknad når det gjeld denne øvinga og ber om å bli invitert med som observatørar under gjennomføring av ei øving.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til plan for gjennomføring av fellesøving slik det er skissert i saka.</p> <p>Kommunane i Nordhordland har utpeika Terese Folgerø, Alver kommune og Ingebjørg Søreide, Gulen kommune som faste medlemmer i koordineringsgruppa for kommunane i utvalsområdet, samt Anita Sørtveit, Osterøy og Leni Dale, Alver som vararepresentantar.</p> <p>Samarbeidsutvalet støttar Brukarutvalet ved HDS og HB sitt initiativ til deltaking i øvinga og tilrår at brukarrepresentantar vert invitert med som observatørar under øvinga.</p>	
05/20	<p>Revisjon av tenesteavtale 11 og 12</p> <p>Øyvind Østerås, avdelingssjef ved Akuttmedisinsk avdeling HB presenterte saka med grunngjeving for revisjon av tenesteavtala, forslag til prosess, samansetting av arbeidsgruppa og mandat for arbeidet. I saksframlegget er det m.a. vist «Nasjonal veileder for akutthjelpere» og at denne kan vere til hjelp i revisjonsarbeidet. Kommunerepresentantane understreka at det i lov og forskrift ikkje er krav eller har komme noko pålegg om at kommunane skal etablera ei slik akutthjelparordning, og presiserer derfor at revisjon av tenesteavtale 11 og 12 ikkje skal definere bindande ordningar knytt til akutthjelparordninga. Dette må eventuelt drøftast i samband med arbeidet med lokale særavtalar.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar arbeid og plan for revisjon av tenesteavtale 11 og 12, med det formål å sikra at avtalen er i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter.</p> <p>SU Nordhordland vil presisera at det i lov og forskrift ikkje er krav om ei kommunal akutthjelparordning, og at revisjon av tenesteavtale 11 og 12 derfor ikkje skal definere bindande ordningar knytt til ei slik akutthjelparordninga. Dette må eventuelt vurderast i samband med lokale særavtalar.</p> <p>Utvælt ber arbeidsgruppa gje ei løypemelding om revisjonsarbeide i neste utvalsmøte.</p>	 Vedl.sak 05_20 Revisjon Tenesteavtale
06/20	<p>Orientering om poliklinikk ved Haraldsplass Diakonale Sykehus</p> <p>Åse Nordstrønen, klinikkdirektør Medisinsk klinikk, HDS orienterte om ny ordning med sjølvbetjent ankomstregistrering ved medisinsk poliklinikk på Haraldsplass. Registreringa kan gjerast på mobil, automat eller i resepsjonen. I tillegg vert det mogleg å nytta ei kartløysing for å finna fram til riktig ventesone. Dette kjem i tillegg til ny og betre skilting frå parkeringsområde og gjennom hele sjukehuset.</p> <p>Dette er eit av underprosjekta til det regionale programmet <i>Alle Møter</i> i regi av Helse Vest RHF. Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>	 Vedl.sak 06_20_HDS Poliklinikk_digital
07/20	<p>Felles utviklingsplan</p> <p>Samarbeidsutvala har vedteke at det skal utarbeidast ein felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling mellom kommunar o sjukhus i føretaksområdet. Utviklingsplanen skal ta utgangspunkt i eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete, og gje ei retning for det vidare arbeidet med å utvikle meir heilskapleg og koordinerte helsetenester i regionen.</p> <p>Det er semje om at planarbeidet skal gjennomførast på ein måte som sikrar god brukarinvolvering og brei involvering og forankring i kommunar, spesialisthelsetenesta og andre relevante offentlege og private/ideelle aktørar.</p> <p>Målet er at utkast til ein felles utviklingsplan skal leverast til handsaming i samarbeidsutvala i desember 2020, og signerast på Toppleiarmøtet 2021. For å nå dette tilrår programkomiteen at det vert sett av nok tid i kommande utvalsmøte til å sikra partane si medverking og deltaking i planarbeidet.</p> <p>Det vart vidare orientert om at tilsetjing av prosjektleiari har tatt lengre tid enn først antatt, og at stillinga har vore på ei 2.gongs utlysing.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og sluttar seg til programkomiteen si tilråding i saka.</p>	

08/20	<p>Lege til Lege samarbeid; mandat med retningslinjer</p> <p>Terese Folgerø gav ei statusmelding for Medisinskfagleg utval(MFU) sitt arbeid med <i>Retningslinjer for lege til lege-samarbeidet</i>:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utkast til <i>Generelle retningslinjer for lege til lege-samarbeidet</i> er sendt ut til samarbeidsutvalet til orientering. - Medlemmane i MFU har fått i oppdrag å sikra involvering i dei eller den organisasjonen dei representerer, og skal bidra til at aktuelle fagmiljø får anledning til å komme med innspel og tilbakemeldingar til retningslinene. - Endeleg utkast til retningslinje skal handsamast i MFU i april. <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar orienteringa til vitande.</p>	
09/20	<p>Evaluering av Toppleiarmøte 2020</p> <p>Toppleiarmøte 2020 vart gjennomført den 16. januar på Haukeland universitetssjukehus, Bikuben. Helse Bergen HF var ansvarleg arrangør. For at Toppleiarmøta også framover skal vera ein viktig og nyttig møtestad har arrangør og programkomité bedt om tilbakemeldingar på programmet, om dei ulike tema var aktuelle og eventuelle innspel til seinare toppleiarmøte.</p> <p>Tilbakemelding frå SU Nordhordland</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gode lokalitetar/fasilitetar for et slikt arrangement - Ønskjer meir tid og anledning til dialog og diskusjon - Arrangørane bør vektlegge plassering av deltagarane, med tanke på kva som er hensiktsmessig når det gjeld aktivitetar som eventuelt er planlagt i løpet av møtet. - Positivt og nyttig med gjennomgang av kva som har vore fokusområda i året som har gått. Dette kunne i større grad vore sett i samanheng med handlingsplanen. <p>Nyttig at det vart peika på kva ein har lukkast med, men også at det vart peika på kva område det er viktig å halda eit særleg fokus på i det vidare arbeidet - som ein «årskavalkade».</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samtidig med notid, så er det viktig også å legge vekt på framtid - gjerne løfta fram den langsigtige, strategiske planlegginga for helsesektoren. <p>Brukarutvalet peika særleg på at brukarrepresentasjon på systemnivå er eit likestilt samarbeid mellom pasientorganisasjonane og fagpersonar når det gjeld planlegging, gjennomføring, evaluering og i beslutningsprosessar. For å bidra til å løfte brukarstemma inn i toppleiarmøte, så vil brukarutvalet ved HDS foreslå at det vert utpeika ein brukarrepresentant inn i programkomitéen for Toppleiarmøte.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland ber om at tilbakemeldingane vert meldt tilbake til programkomiteen og sett til ved planlegging av seinare Toppleiarmøte.</p>	
10/20	<p>Orientering frå partane</p> <p>HB:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Brev med melding om elektroniske journaldokument – det vart orientert om at Helse Bergen vil senda ut brev til postmottak i kommunane med melding om at helseføretaket startar å sende fleire elektroniske journaldokument til dei kommunale tenestene, og at dette vert sendt på <i>epikriseformatet</i>. Dette gjeld mellom anna <i>polikliniske notat, tverrfaglege notat og epikrise frå sjukehuslege</i>. <p>HDS:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samhandlingsseminar 15. april - det er sendt ut invitasjon til Samhandlingsseminar 15. april i regi av HDS. I hovudsak er det fastlegane som er i målgruppa for dette seminaret, men at dei vil sjekke ut om også samarbeidsutvalet kan inviterast. Åse Nordstrønen følgjer dette opp. <p>Kommunane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Region Nordhordland Helsehus - orientering om status for arbeidet med bygget, med tidsrammer for ferdigstilling og innflytting i bygget, samt ei kort statusmelding frå prosjektgruppa for Fag og tenesteutvikling. - Utkantkonferansen 2020 – med tema «Leve hele livet» vert gjennomført 1. april. Medlemmene i utvalet vert invitert til å delta på konferansen. Invitasjon med program og informasjon om påmelding er lagt ved i e-post. 	 Vedl. sak 10_20 Helsehuset - status Fe

11/20	<p>Val av nestleiar</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland har fortida ikkje nestleiar. Det er semje om at nestleiar bør vere ein av kommunerepresentantane.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland ber Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg velje nestleiar og melde dette inn til utvalsleiar og SSE.</p>	
12/20	<p>Deltaking i samarbeidet og representasjon i samarbeidsutvala</p> <p>Utvalsleiar hadde ein gjennomgang av vedlagt saksnotat og peika på behov for å ha oversikt over partane sin representasjon i samarbeidsutvalet, både faste og varamedlemmer.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar initiativet til å setja saka på dagsorden, og ber partane sikra at representantane si deltaking i samarbeidsutvalet er forankra i eigen organisasjon.</p> <p>Vidare ber utvalet partane melde inn aktuelle representantar, med rett kontaktinformasjon og at dette vert meldt til leiar og sekretær for utvalet. Dette gjeld både faste og vara.</p>	
13/20	<p>Referat frå råd og underutval</p> <ul style="list-style-type: none">- Medisinsk fagleg utval, 29.11.2019 <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar vedlagt referat frå møte i Medisinsk fagleg utval, 29.11.2019 til orientering.</p>	
14/20	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker meldt</p>	